

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 6. Tilleggsspørsmål

Fylke: Nord-Trøndelag.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Frol.

Emne: Folkelege musikkinstrument.

Bygdelag:

Oppskr. av: Peter Næss

Gard: Slofstad

(adresse): Bruborg, Levanger

G.nr. 23. Br.nr. 162.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. For det meste eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Folkelege musikkinstrumenter.

1.) Gjetarane bruke å laga seg lurar av oldetorsk. Men eg kjenner ikkje til at munningsenden på luren var utstyrt med kalumstrå e. a.

2.) Ukjent for meg.

3.) Eg kjenner ikkje nokon heimelaga typer av slike rangler.

4.) Ein knyter vinstre neve litt laust og legg eit stort lauvblad over dolpa millom tommel- og peikefingeren. Ein slær så mot bladet med den flate, høgre handa. Å få smell med å blåsa luft inn i ein papirpose og slå posen mot eit eller anna er velkjend. Ein liten plante som vi kallar smellpang hev liksom små pongar som gjev ein liten, skarp smell når ein slær dei s. d. mot handbaken. Med omsyn til kida då dette kan gjerast vert det sjølv sagt om sammaren når det gjeld blad og blomar. Noko ser-nemningar for dette kjenner eg ikkje. Skyfing ved festlege høver er kjend.

5.) Det som er nemnt i spørsmålet kjenner eg ikkje. Derimot tydde det på tver når gjetarane blei hardare og styggare i lur eller anna ting som ga låter eller ulåter